

Notert



Foto: NTB/NPK

## – Kommunane må bestemme over vindkrafta

**Reguleringsmakt.** Vindkraftselskapet Norsk Vind støttar kravet om at kommunane må få styrkt reguleringsmakt og innføringa av ei miljøavgift som gjer at meir av verdiskapinga hamnar i kommune-kassa.

Norsk Vind stiller seg bak kravet frå kommuneorganisasjonane om ei lokal miljøavgift på anslagsvis 2 øre/KWh for framtidige vindkraftverk og at plan- og bygningslova skal gjelde i vindkraftsaker. Dette inneber at kommunen for alle praktiske formål får tilbake makta og at auka skatt på vindkraftverka doblar kommuneinntektene.

– Utan tillit i lokalsamfunna i tillegg til gode og føreseielege inntekter til kommunane, kjem det ikkje til å bli bygd nye vindkraftanlegg i Noreg. Utan denne tilliten vil det heller ikkje vere tilstrekkeleg føreseielegheit for selskap og investorar til å planleggje nye vindkraftprosjekt, seier Per Ove Skorpen i vindkraftselskapet Norsk Vind i Stavanger i ei pressemelding. ©NPK